



Arkivsaknr: 2026/943-1
Sakshandsamar: Kari Torkildsen Utkilen
Avdeling: Kultur

SAKSFRAMLEGG

Kulturpris 2026 - skal det delast ut

Utvalssak	Utval	Møtedato
-----------	-------	----------

Levekårsutvalet

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Levekårsutvalet må ta stilling til om Austrheim skal dele ut Kulturprisen i år 2026, eller utsette til 2027.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i Levekårsutvalet

Saka gjeld

Kulturprisen har i seinare tid vore delt ut anna kvart år. Det er levekårsutvalet som tek stilling til kven som får Kulturprisen i Austrheim, men alle er oppfordra til å kome med forslag. Levekårsutvalet må ta stilling til om Austrheim skal dele ut Kulturpris i 2026.

Saksopplysningar

Bakgrunn

I rettleiar for utdeling av Kulturpris står det at fagavdeling kultur i september/august skal legge fram sak til levekårsutvalet med forslag på kandidatar, utan innstilling frå kommunedirektøren.

Av ulike grunnar er forslag til kandidatar til Kulturprisen ikkje annonsert i vår- sommar semesteret, og det vert derfor ikkje lagt fram sak med kandidatar på møte i september. Det er eit ønskje at kven som får prisen vert offentleg ved utdeling på eit større arrangement ope for publikum i Austrheim.

I og med at neste møte til levekårsutvalet er 15. oktober, så når vi ikkje ein eventuell utdeling på Fønnesdagen ei heller på Landbruksdagen. Det er fleire aktuelle arrangement utover hausten til utdeling av prisen, som Bygdetreff på Kyrkjelydshuset, tenning av juletreet på Mastrevik Torg, julekonsert o.a. Levekårsutvalet kan velje stad for utdeling av prisen.

Sakshistorikk

Desse har fått kulturprisen til no:

2024: Elisabeth Jensen Risnes - for engasjement og innsats innan korps, kor, og kulturarrangement for barn og vaksne.

2022: Austrheim Landbrukskvinnelag – for stort engasjement for lokalmiljøet og kulturlandskapet, og for å arrangere Landbruksdag i samarbeid med fleire lag.

2018: Steinar Ebbesvik, Ærespris for sitt store engasjement og innsats innan kulturlivet i Austrheim.

2018: Fønnes Bygdelaag - for samarbeid og aktiv samfunnsutvikling,

Årvika friluftsområde og turveg til Vardetangen, Fønnesdajane.

2016: Henrik Austrheim - frivillig innsats sidan barnsbein av.

2014: Asbjørn Brandtun - aktiv innan idrett, kultur og landbruk.

2012: Øystein Vikane - frivillig og kyrkjeleg arbeid.

2010: Rigmor Ludvigsen – for aktiv i kulturlivet.

2008: Trond Einar Sørensen - for arbeid med lyd og lys.

2006: Dugnadsgjengen på Leirvåg Bedehus.

2005: Ikkje delt ut.

2004: Knut Risnes – for aktiv innsats for bygda i ein mannsalder.

2003: Ikkje delt ut.

2002: Joronn Sætre og Solveig Hopen – for arbeidet med jentespeidarane i 25 år

2001: Arvid Tresvik – for innsatsen i Austrheim Rocke Verkstad

2000: Ingrid Askvik og Årås søndagsskule v/Gro Johannesen

1999: Monrad Sætre og Johanna Rebnord – for sosialt og medmenneskeleg engasjement

1998: Per Ingmar Hartwall – innsats i symjegruppa AIL

1997: Asbjørg Lohne – innsats i sanitetsforeining m.v.

1996: Kjell-Tore Karlsen – innsats innafor Austrheim Idrettslag m.v.

1995: Neptun Pensjonistklubb – innsats i Selsøya/krigshistorie

1994: Kolbjørn Haugland – innsats Austrheim samfunnshus, Austrheim songlag m.v.

1993: Trygve Minde – innsats mellom barn og unge 1992: Gjertrud Daae – allsidig innsats på kultursektoren

1989: Odd W. Suren – forfattar. Dette året vart det delt ut kulturstipend frå Austrheim kommune

Alternativ

Levekårsutvalet må ta stilling til om Kulturprisen skal delast ut i år 2026, eller om den vert utsett til år 2027 (med sikte på mogeleg utdeling på Fønnesdagen).

Økonomiske konsekvensar

Kulturprisen er ein gåve, samt diplom, utbetalt frå ansvar 4300 kultur. Det er ikkje budsjett til større arrangement i regi av Austrheim kommune.

Kommunedirektøren si tilråding

Levekårsutvalet må ta stilling til om Austrheim skal dele ut Kulturprisen i år 2026, eller utsette til 2027.

Vedlegg

- 1 Rettleiar for utdeling av Kulturpris